

MØTEBOK

Organ	Sogn regionråd
Møtestad	Lærdal rådhus
Møtedato	12.06.2020
Kl.	09:30 - 14:30

A. Ordfører Audun Mo ønske velkomen til Lærdal.

B. Desse møtte:

Faste medlemmar
Ivar Kvalen, ordfører Luster kommune Trygve Skjerdal, ordfører Aurland kommune Petter Sortland, ordfører Høyanger kommune Audun Mo, ordfører Lærdal kommune Arnstein Menes, ordfører Sogndal kommune Roy Egil Stadheim, ordfører Vik kommune Hilmar Høl, ordfører Årdal kommune
Medlemmar*
Karina Nerland, dagleg leiar Steinar Sjøgaard, rådmann Aurland kommune Kjellaug Brekklus, rådmann Høyanger kommune Jarle Skartun, rådmann Luster kommune Lars Bogstad, konst. rådmann Lærdal kommune Øistein Sjøvik, rådmann Vik kommune Arne Abrahamsen, kommunalsjef Sogndal kommune Stig Stark-Johansen, rådmann Årdal kommune
Andre
Björg Kristin Selvik, prorektor for Utdanning og Tone Skjerdal, seniorrådgjevar avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, Høgskulen på Vestlandet Erlend Fardal Lunde, EFL AS

**Rådmennene hadde eige møte kl 11-12.*

B. Innkalling godkjent utan merknader.

C. Protokoll frå møte 22.4.2020 godkjent utan merknader.

Sak 7/20
Samarbeidsmodell for kompetanseutvikling i arbeidslivet

Tilråding:
Sogn regionråd stiller seg positiv til å delta i samarbeidet.

Vedtak:
Sogn regionråd stiller seg positiv til å delta i samarbeidet.

Sak 8/20
Regionalt prosjekt om næringsutvikling i Sogn

Tilråding:
Sogn regionråd sluttar seg til næringsnettverket sitt fellesprosjekt om næringsutvikling i Sogn.

Vedtak:
Sogn regionråd sluttar seg til næringsnettverket sitt fellesprosjekt om næringsutvikling i Sogn.

Sak 9/20
Søknad frå Visit Sognefjord om ekstra bidrag frå Sogn regionråd i 2020 og 2021

Tilråding:
Sogn regionråd løyver ikkje ekstra midlar til Visit Sognefjord i 2020 og 2021.

Handsaming
Det kom framlegg om følgjande framlegg til endring:

Sogn regionråd er uroa for situasjonen, men har ikkje ledige fondsmidlar og løyver ikkje ekstra midlar til Visit Sognefjord i 2020 og 2021.

Vedtak:
Sogn regionråd er uroa for situasjonen, men har ikkje ledige fondsmidlar og løyver ikkje ekstra midlar til Visit Sognefjord i 2020 og 2021.

Sak 10/20
Mandat for styringsgruppe Sogn for alle

Tilråding:
Sogn regionråd vedtek mandatet for styringsgruppe for Sogn for alle slik det ligg føre.

Handsaming:

Hilmar Høl orienterte om første møte i styringsgruppa.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek mandatet for styringsgruppe for Sogn for alle slik det ligg føre.

Sak 11/20
Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd inviterer Vestland fylkeskommune, NHO Vestland og LO Vestland til å vidareføra partnerskapsavtalen for fleire læreplassar i Sogn.

Om partane kjem med innspel får dagleg leiar i samråd med regionrådsleiar fullmakt til å endra avtalen.

Vedtak:

Sogn regionråd inviterer Vestland fylkeskommune, NHO Vestland og LO Vestland til å vidareføra partnerskapsavtalen for fleire læreplassar i Sogn.

Om partane kjem med innspel får dagleg leiar i samråd med regionrådsleiar fullmakt til å endra avtalen.

Sak 12/20
Orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
 - Ny representant frå Sogn regionråd i styret i Visit Sognefjord etter Harald N. Offerdal. Rådet peika ut Trygve Skjerdal.
 - Nettmøte 19. juni for å drøfta tettare samarbeid med Hardangerrådet ved rådsleiar og dagleg leiar
 - Invitasjon frå Sogn næring, Sognefjorden næringshage og Bratt moro til studietur «Det beste i Sogn»
2. Samferdslegruppa
 - Gjennomgang om presentasjon for innspel til NTP og vidare påverknadsarbeid
 - Samferdslegruppa førebur fråsegn til planprogrammet for regional transportplan som er på høyring
3. Innspel frå medlemane
 - Felles fråsegn om behov for tiltak for bedrifter som er ramma av koronakrisa

4. Programstyret System for styrka læring
 - Programstyret sette i møtet 11. mai ned ei arbeidsgruppe for å utforma forslag til innhald i barnehage- og skulesamarbeid etter 2021
5. Styringsgruppa Sogn for alle
 - Leiar i styringsgruppa orienterte om første møtet 3. juni 2020
6. Rådmannsgruppa, jf pkt 8.
 - Referat frå sist møte 19. mai er sendt til rådet.
7. Administrasjonen
 - Deltidsutdanning i sjukepleie:
 - Høgskulen vil tilby samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie istadenfor desentralisert sjukepleiarutdanning. Det blir samlingar i Førde, lokale studiegrupper, praksis og auka bruk av digitale løysingar.
 - Rådet har fått tilsagn om ekstern finansiering av matematikk- og norskundervisning for at tilsette skal få kvalifisert seg. Oppstart hausten 2020.
 - Ny regionalplan: Forslag til program for felles formannskapsdag vart omdelt for innspel. Aktuell dag er 4.9.2020.
8. Interkommunalt tenestesamarbeid framover ved leiar i rådet og leiar i rådmannsgruppa Jarle Skartun. Presentasjonen er lagt ved.
9. Kompetansebehov og samarbeidsområde – innspel og drøfting ved Bjørg Kristin Selvik, prorektor for Utdanning og Tone Skjerdal, seniorrådgjevar avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, Høgskulen på Vestlandet. Presentasjonen er lagt ved.
10. Verdien av å bry seg er god business! ved Erlend Fardal Lunde, EFL AS. Presentasjonen er lagt ved.

Skriv og meldingar. Refererte.

1. Samarbeidsavtale mellom regionråda og Vestland fylkeskommune, 7. mai 2020
2. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 – høyring
3. Planprogrammet for regional transportplan 2022-2033 for Vestland - høyring

Ivar Kvalen
leiar

Petter Sortland

Audun Mo

Karina Nerland
dagleg leiar